



Ny fin plakattavle ved bedehuset.

**Det er montert informasjonstavle ved Uskedal bedehus. Tavla er laga på Kvinnherad Vekstbedrift og skal brukast til plakatar, kunngjeringar og informasjon om møte og aktivtetar på bedehuset. Runar Myklebust og Lars Haugland har bolta tavla fast i muren ved Kjærlandsvegen.**

Plassen er god, og alle som går og sykklar forbi kan lett gjera seg kjende med kva som skal vera av møte på Bedehuset. Det var eit nyttig tiltak for å marknadsføra og profilera lagsdrifta til Uskedal indremisjon.

Kvinnherad Vekstbedrift har gjort eit fint arbeid med utforming og utsjånad.

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland